

## Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 02.12.2019

**June Indrevik (H)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til pkt.3

Fylkestinget ber prosjektleiar kome attende med sak om framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i heile Vestland fylke til junitinget 2020.»

### **Avrøysting**

Prosjektleiar si innstilling, pkt.1 og 2, vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Indrevik sitt forslag til pkt. 3 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot ingen røyster for prosjektleiar sitt forslag.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap frå og med 1.1.2020. Tenestene skal sikra at arkiva til Vestland fylkeskommune vert handtert, tekne vare på og formidla i samsvar med arkivlova sine føremål og føresegner.
2. Fylkestinget ber prosjektleiar gå i dialog med styret i Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap om Vestland fylkeskommune sitt økonomiske bidrag i samband med årsbudsjett 2021 og økonomiplan.
3. Fylkestinget ber prosjektleiar kome attende med sak om framtidig organisering og samarbeid mellom dei kommunale arkivinstitusjonane i heile Vestland fylke til junitinget 2020.